



VINDAFJORD KOMMUNE

Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Rådhuset
Dato: 16.06.2026
Tid: Kl. 09:00 - 13:45

Følgande medlemmer møtte Parti

Lilleland, Wenche S	AP
Valen, Øyvind	AP
Bjørn Alvseike	FRP
Kvamme, Gerd	FRP
Årvik, Mats	FRP
Berge, Geir Erik	H
Nesheim, Therese	H
Dyngeland, Leon	KRF
Fosse, Gustav Løge	KRF
Hanne Kathrine Sørhus	KRF
Austrheim, Arild Roar	SP
Berentsen, Anne Cecilie	SP
Espevold, Trygve	SP
Geir Magne Gjerde	SP
Haugen, Jan Idar	SP
Monica Nesheim	SP
Nina Karin Ramsfjell	SP
Guri Ravatn	SV
Sandsgård, Tormod	VILI

Forfall

Haraldseid, Modolf	H
Opheim, Åge	H
Rørtveit, Håvard	H
Ole Johan Vierdal	SP
Anna Klette Steinsland	VILI
Ivar Persvangen Ødegård	VILI

Varamedlemmer

Øystein Berge-Olsen	H
Georg Matre	H
Kolbjørn Berge	H
Harald Olav Stuhau	SP
Ingvild Arianson	VILI
Liv Monika Vanvik	VILI

Møtenotater:

Kunngjering av møtet på kommunen si heimeside og i Grannar.

Innkalling med saksdokument vart sendt til medlemmene 08.06.2026.

Møtet vart vist på Kommune-Tv

Møtet vart leia av Gustav Løge Fosse, då ordførar Ole Johan Vierdal har permisjon.

Gustav Løge Fosse fungerer som ordfører i permisjonstida.

Kommunestyremedlem Geir Erik Berge (H) hadde meldt i frå om at han måtte gå frå møtet klokka 12.55.

Votering frå **sak PS 038/26** blei halde med 24 stemmer.

Frå administrasjonen:

Halfdan Krohn- Brekke, kommunedirektør

Nils Erik Eide, kommunalsjef oppvekst

Vegard Bang, kommunalsjef økonomi

Sigurd Gjerdevik, kommunalsjef helse

Ingebjørg Rullestad Gjerde, kommunalsjef organisasjon

Anita Gjørstad Grindheim, barnehage- og skulesjef

Marianne Log Rødde, politisk sekretariat

Mona Kristin Haraldseid, politisk sekretariat.

Presse: Grannar.

Innkalling: Ingen merknad

Sakliste : Ingen merknad

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
029/26	Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll	
030/26	Val av settevaraordførar	U. off.
031/26	Referatsaker	
032/26	Orienteringssaker	
033/26	Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Vindafjord kommune	
034/26	1. tertialrapport 2026 for Vindafjord kommune	
035/26	Perspektivmelding budsjett 2027 og økonomiplan 2027–2030	
036/26	Val av tomt for samlokalisert Vindafjord omsorgssenter	
037/26	Forskrift om skulekrinsgrenser i Vindafjord kommune	
038/26	Pedagogisk digitaliseringsstrategi oppvekst 2026-2030	
039/26	Fastsetting av fellingsavgifter for hjort i forskrift og fastsetting av ny lokal forskrift om adgang til jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for hjort	
040/26	Grunngitte spørsmål og interpellasjonar	

029/26 Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll

3 medlemmer blir valgt til å signere møteprotokoll

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Møteleiar Gustav Løge Fosse fremma forslag om Trygve Espevold (Sp) og Guri Ravatn (SV) til å godkjenna og signera møteprotokoll.

Dette blei samrøystes vedteke.

KS - 029/26 Vedtak:

Til å skrive under møteprotokoll vert desse foreslått:

1. Gustav Løge Fosse, møteleiar
2. Trygve Espevold (Sp)
3. Guri Ravatn (SV)

031/26 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart einstemmig vedteke med 25 stemmer.

KS - 031/26 Vedtak:

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

032/26 Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Orientering frå kommunedirektør Halfdan Krohn- Brekke

KS - 032/26 Vedtak:

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

033/26 Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Vindafjord kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kommunestyre vedtek årsrekneskapen og årsmeldinga for Vindafjord kommune for 2025 slik dei ligg føre

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Formannskapet si innstilling til vedtak einstemmig vedteke med 25 stemmer.

KS - 033/26 Vedtak:

Vindafjord kommunestyre vedtek årsrekneskapen og årsmeldinga for Vindafjord kommune for 2025 slik dei ligg føre

11.06.2026 Ungdomsråd

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedteke med 7 stemmer.

VUR - 013/26 Vedtak:

Vindafjord kommunestyre vedtek årsrekneskapen og årsmeldinga for Vindafjord kommune for 2025 slik dei ligg føre

04.06.2026 Integreringsrådet

Behandling

Einingsleiar kultur og læring, Ane Kesia Fatland, orienterte kort om saka før handsaming.

VIR - 012/26 Vedtak:

VIR tek saka til orientering

04.06.2026 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

REF tek årsrekneskap og årsmelding for 2025 einstemmig til orientering med 6 stemmer.

REF - 019/26 Vedtak:

REF tek årsrekneskap og årsmelding for 2025 til orientering.

02.06.2026 Formannskapet**Behandling**

Bruk av overskotet, foreslått av Valen, Øyvind, Arbeiderpartiet

Nytt punkt: 17,2 million blir sett av til fond for framtidig finansiering av omsorgsbygg

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak sett opp mot tilleggsforslag frå Øyvind Valen (AP)

Øyvind Valen sitt forslag fekk 3 stemmer for, 1 AP (Valen), 1 VIL (Ødegård) og 1 KrF (Fosse). Forslaget falt.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak fekk 6 stemmer for og gjekk vidare.

FS - 027/26 Vedtak:**Formannskapet si tilråding til kommunestyret:**

Vindafjord kommunestyre vedtek årsrekneskapen og årsmeldinga for Vindafjord kommune for 2025 slik dei ligg føre

01.06.2026 Utval for drift, utvikling og kultur**Behandling**

DUK tek PS 017/26 Årsrekneskap og årsmelding for 2025 til orientering. Vedtaket vart samrøystes vedteke med 6 stemmer.

DUK - 017/26 Vedtak:

DUK tek årsrekneskap og årsmelding for 2025 til orientering.

01.06.2026 Utval for oppvekst og omsorg**Behandling**

OPOM tek årsrekneskap og årsmelding for 2025 einstemmig til orientering med 7 stemmer.

OPOM - 020/26 Vedtak:

OPOM tek årsrekneskap og årsmelding for 2025 til orientering.

034/26 1. tertialrapport 2026 for Vindafjord kommune**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret tek 1. tertialrapport 2026 til orientering.
2. Kommunestyret vedtek endringar i budsjettet for 2026 slik dei går fram av tertialrapporten.

- a. Sum generelle driftsinntekter blir justert opp med kr 3 380 000 slik:
 - i. Rammetilskot blir auka med kr 1 480 000.
 - ii. Eigedomsskatt blir auka med kr 1 900 000.
 - b. Netto finansutgifter blir auka/redusert med kr 6 000 000 slik:
 - i. Renteinntekter blir auka med kr 5 000 000.
 - ii. Utbytte blir auka med kr 1 000 000.
 - c. Rammeområda blir tilført kr 3 241 000 slik:
 - i. Oppvekst og kultur kr 334 000.
 - ii. Helse og omsorg blir tilført kr 2 307 000.
 - iii. Forvaltning, drift og utvikling blir tilført kr 600 000.
 - d. Netto udisponert kr 6 139 000 blir sett av til disposisjonsfond.
3. Kommunestyret vedtek endringar i investeringsbudsjettet for 2026 slik dei går fram av tertialrapporten.
- a. Ubrukte midlar frå 2025 blir rebudsjettet inn i 2026 med totalt kr 130 958 723 i brutto investeringsutgifter.
 - b. Omdisponering av rammer per prosjekt, utan endring i brutto investeringsutgifter.
4. Kommunestyret godtar mellombels avvik frå finansreglementet sitt punkt 7.5 b, slik at gjennomsnittleg attverande rentebinding på samla renteberande gjeld kan vere under 0,5 år, fram til reglementet blir revidert.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Auke bemanning i barnehagen - etter budsjettauke i Stortinget, foreslått av Valen, Øyvind, Arbeiderpartiet

Nytt punkt:

Auke 500.000 i rammetilskot frå staten, rammeområdet oppvekst får tilført det same beløpet. Auken skal nyttast til styrka bemanning i haust.

Etablering av fond, foreslått av Sandsgård, Tormod, Vindafjordlista
Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fra sak om oppretting av:

- nærings- og klimafond
- vedlikehaldsfond

I saka skal det inngå:

- forslag til finansiering, der det vert lagt til grunn at inntil 10 millionar kroner av overskotet frå regnskapsåret 2025 kan nyttast.

- forslag til forfordeling med utgangspunkt i 40% til nærings- og klimafond og 60 % til vedlikehaldsfond.

- Forslag til retningslinjer for bruk

Målretta utviklingsløft i pleie og omsorg, foreslått av Sandsgård, Tormod, Vindafjordlista Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram sak om tiltak for å styrke pleie- og omsorgtenestene, med sikt på å redusere sjukefråvær, vikarbruk og overforbruk.

Saka skal særlig vurdere:

- bruk av deler av overskotet frå 2025 til eit tidsavgrensa utviklingsløft
- tiltak knytt til leining, bemanning, organisering og arbeidsmiljø
- pilotprosjekt i utvalde einingar med tett oppfølging og evaluering
- behov for økonomiske rammer for å gjennomføre tiltak med tilstrekkeleg effekt

styrking av bemanning i barnehagen, foreslått av Valen, Øyvind, Arbeiderpartiet
Kommunedirektøren blir bedt om å vera aktiv og søka om midlane til styrka bemanning i barnehagane som blir vedteke i Stortinget

Det kom inn 4 ulike tilleggforslag til saka.

Øyvind Valen (Ap) trakk tilleggforslaga sine.

Tormod Sandsgård (VILI) trakk punktlistene frå sine forslag. Forslaga som då stod igjen er følgjande:

Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram sak om oppretting av:

- Nærings- og klimafond
- Vedlikehaldsfond

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram sak om tiltak for å styrke pleie- og omsorgtenestene, med sikt på å redusere sjukefråvær, vikarbruk og overforbruk.

Votering:

Kommunestyret voterte først over formannskapet si innstilling til kommunestyret, og deretter punktvis over tilleggsforslaga.

- Formannskapet si innstilling til kommunestyret vart einstemming vedteke med 25 stemmer.
- Tilleggsforslag1, fremma av Tormod Sandsgård (VILI) fekk 12 røyster for frå Frp, H, VILI og SV og 13 røyster imot. Forslaget fall.
- Tilleggsforslag 2, fremma av Tormod Sandsgård (VILI) vart einstemming vedteke. Forslaget gjekk vidare.

KS - 034/26 Vedtak:

1. Kommunestyret tek 1. tertialrapport 2026 til orientering.
2. Kommunestyret vedtek endringar i budsjettet for 2026 slik dei går fram av tertialrapporten.
 - a. Sum generelle driftsinntekter blir justert opp med kr 3 380 000 slik:
 - i. Rammetilskot blir auka med kr 1 480 000.

- ii. Eigedomsskatt blir auka med kr 1 900 000.
 - b. Netto finansutgifter blir auka/reduisert med kr 6 000 000 slik:
 - i. Renteinntekter blir auka med kr 5 000 000.
 - ii. Utbytte blir auka med kr 1 000 000.
 - c. Rammeområda blir tilført kr 3 241 000 slik:
 - i. Oppvekst og kultur kr 334 000.
 - ii. Helse og omsorg blir tilført kr 2 307 000.
 - iii. Forvaltning, drift og utvikling blir tilført kr 600 000.
 - d. Netto udisponert kr 6 139 000 blir sett av til disposisjonsfond.
3. Kommunestyret vedtek endringar i investeringsbudsjettet for 2026 slik dei går fram av tertialrapporten.
 - a. Ubrukte midlar frå 2025 blir rebudsjettert inn i 2026 med totalt kr 130 958 723 i brutto investeringsutgifter.
 - b. Omdisponering av rammer per prosjekt, utan endring i brutto investeringsutgifter.
 4. Kommunestyret godtar mellombels avvik frå finansreglementet sitt punkt 7.5 b, slik at gjennomsnittleg attverande rentebinding på samla renteberande gjeld kan vere under 0,5 år, fram til reglementet blir revidert.
 5. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram sak om tiltak for å styrke pleie- og omsorgstenestene, med sikt på å redusere sjukefråvær, vikarbruk og overforbruk.

09.06.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke med 9 stemmer.

FS - 034/26 Vedtak:

Formannskapet si innstilling til Kommunestyret:

1. Kommunestyret tek 1. tertialrapport 2026 til orientering.
2. Kommunestyret vedtek endringar i budsjettet for 2026 slik dei går fram av tertialrapporten.
 - a. Sum generelle driftsinntekter blir justert opp med kr 3 380 000 slik:
 - i. Rammetilskot blir auka med kr 1 480 000.
 - ii. Eigedomsskatt blir auka med kr 1 900 000.
 - b. Netto finansutgifter blir auka/reduisert med kr 6 000 000 slik:
 - i. Renteinntekter blir auka med kr 5 000 000.
 - ii. Utbytte blir auka med kr 1 000 000.
 - c. Rammeområda blir tilført kr 3 241 000 slik:
 - i. Oppvekst og kultur kr 334 000.

- ii. Helse og omsorg blir tilført kr 2 307 000.
- iii. Forvaltning, drift og utvikling blir tilført kr 600 000.
- d. Netto udisponert kr 6 139 000 blir sett av til disposisjonsfond.
- 3. Kommunestyret vedtek endringer i investeringsbudsjettet for 2026 slik dei går fram av tertialrapporten.
 - a. Ubrukte midlar frå 2025 blir rebudsjettert inn i 2026 med totalt kr 130 958 723 i brutto investeringsutgifter.
 - b. Omdisponering av rammer per prosjekt, utan endring i brutto investeringsutgifter.
- 4. Kommunestyret godtar mellombels avvik frå finansreglementet sitt punkt 7.5 b, slik at gjennomsnittleg attverande rentebinding på samla renteberande gjeld kan vere under 0,5 år, fram til reglementet blir revidert.

035/26 Perspektivmelding budsjett 2027 og økonomiplan 2027–2030

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kommunestyre tek perspektivmeldinga for budsjett 2027 og økonomiplan 2027–2030 til orientering.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Frå Guri Ravatn, SV, foreslått av Guri Ravatn, Sosialistisk Venstreparti

I samband med budsjetthandsaminga 2027 -2030, skal det leggst fram oversikt over innkjøpsbehovet for lærebøker og læremiddel, analoge og digitale, i barnehage og skule. Oversikten skal vera i samsvar med oppdatert kunnskap og forskrift, kostnadsrekna og bygga på status og rekneskapstal for innkjøp og investeringar i 2024 og 2025.

Tilleggspunkt, foreslått av Nesheim, Therese, Høyre

I samband med budsjetthandsaminga 2027 -2030, skal det leggst fram oversikt over innvestering og innkjøpsbehovet for lærebøker og læremiddel i barnehage og skule.

Forslag nr 2, foreslått av Guri Ravatn, Sosialistisk Venstreparti

I samband med budsjetthandsaminga 2027 -2030, skal det leggst fram oversikt over investerings- og innkjøpsbehovet for lærebøker og læremiddel, analoge og digitale, i barnehage og skule.

Det kom inn 3 ulike tilleggforslag til saka.

Guri Ravatn (SV) trakk tilleggforslag nr.1 og fremja eit nytt tilleggsforslag nr.2.

Therese Nesheim (H) la fram eit tilleggsforslag.

Tilleggfsforlaga som gjekk til votering var følgjande:

Tilleggsforslag fremja av Therese Nesheim (H):

I samband med budsjetthandsaminga 2027 -2030, skal det leggst fram oversikt over innvestering og innkjøpsbehovet for lærebøker og læremiddel i barnehage og skule.

Tilleggsforslag fremja av Guri Ravatn (SV):

I samband med budsjetthandsaminga 2027 -2030, skal det leggst fram oversikt over investerings- og innkjøpsbehovet for lærebøker og læremiddel, analoge og digitale, i barnehage og skule.

Votering:

Kommunestyret voterte først over formannskapet si innstilling til kommunestyret:

- formannskapet si innstilling til kommunestyret blei einstemmig vedteke. Forslaget gjekk vidare.

Deretter vart tilleggsforslaga sett opp mot kvarandre:

- Tilleggsforslag fremma av Therese Nesheim (H) fekk 19 stemmer. Forslaget gjekk vidare.
- Tilleggsforslag fremma av Guri Ravatn (SV) fekk 6 stemmer frå SV, VIL og Ap. Forslaget fall.

KS - 035/26 Vedtak:

1. Vindafjord kommunestyre tek perspektivmeldinga for budsjett 2027 og økonomiplan 2027–2030 til orientering.
2. I samband med budsjettet ber kommunestyret kommunedirektøren legga fram ein prioritert rekkefølge for korleis kommunen skal imøtekoma vedlikehaldsetterslepet for oppvekstbygga som er påvist i sak 43/24
3. Dersom det i økonomiplanen blir lagt inn investeringar som skal fullførast i åra etter økonomiplanen, så ber kommunestyret om at budsjettforslaget har eit vedlegg som viser investeringar som det då vil koma i dei neste åra, samt konsekvensar av dette for avdrag og renter.
4. I samband med budsjetthandsaminga 2027 -2030, skal det leggst fram oversikt over innvestering og innkjøpsbehovet for lærebøker og læremiddel i barnehage og skule.

09.06.2026 Formannskapet**Behandling**

tertialrapport, foreslått av Valen, Øyvind, Arbeiderpartiet

To tilleggspunkt til kommunedirektøren sitt forslag:

2. I samband med budsjettet ber kommunestyret kommunedirektøren legga fram ein prioritert rekkefølge for korleis kommunen skal imøtekoma vedlikehaldsetterslepet for oppvekstbygga som er påvist i sak 43/24

3. Dersom det i økonomiplanen blir lagt inn investeringar som skal fullførast i åra etter økonomiplanen, så ber kommunestyret om at budsjettforslaget har eit vedlegg som viser investeringar som det då vil koma i dei neste åra, samt konsekvensar av dette for avdrag og renter.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart lagt fram.

Det vart fremja to tilleggspunkt av Øyvind Valen (AP):

2. I samband med budsjettet ber kommunestyret kommunedirektøren legga fram ein prioritert rekkefølge for korleis kommunen skal imøtekoma vedlikehaldsetterslepet for oppvekstbygga som er påvist i sak 43/24

3. Dersom det i økonomiplanen blir lagt inn investeringar som skal fullførast i åra etter økonomiplanen, så ber kommunestyret om at budsjettforslaget har eit vedlegg som viser investeringar som det då vil koma i dei neste åra, samt konsekvensar av dette for avdrag og renter.

Votering:

Det vart først røysta over kommunedirektøren sitt forslag til vedtak, som vart samrøystes vedteke. Deretter vart det røysta over tilleggspunkta, som òg vart samrøystes vedtekne.

FS - 035/26 Vedtak:**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

1. Vindafjord kommunestyre tek perspektivmeldinga for budsjett 2027 og økonomiplan 2027–2030 til orientering.
2. I samband med budsjettet ber kommunestyret kommunedirektøren leggja fram ein prioritert rekkefølge for korleis kommunen skal imøtekoma vedlikehaldsetterslepet for oppvekstbygga som er påvist i sak 43/24
3. Dersom det i økonomiplanen blir lagt inn investeringar som skal fullførast i åra etter økonomiplanen, så ber kommunestyret om at budsjettforslaget har eit vedlegg som viser investeringar som det då vil koma i dei neste åra, samt konsekvensar av dette for avdrag og renter.

036/26 Val av tomt for samlokalisert Vindafjord omsorgssenter**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren jobbe vidare med planlegging av eit nytt samlokalisert omsorgssenter plassert aust for beredskapssenteret i Ølen, omtalt som alternativ 3 i saka. Lokalisering i Ølen gir klart best resultat på faglege, sosiale, økonomiske og rekrutteringsmessige kriterium. Sjølv om nybyggalternativet har høgast investeringskostnad, gir det truleg lågast kostnader over tid, samt best grunnlag for berekraftig og framtidsretta drift.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ein plan for vidare framdrift i prosessen i første formannskapsmøte etter sommarferien.

16.06.2026 Kommunestyret**Behandling****Votering:**

Formannskapet si innstilling til kommunestyret vart einstemmig vedteke med 25 stemmer.

KS - 036/26 Vedtak:

1. Nytt omsorgssenter skal plasserast aust for beredskapssenteret.
2. Før kommunestyret tek endeleg stilling til konseptval, investeringsramme eller gjennomføringsvedtak, ber kommunestyret om ei eiga sak kor det blir gjennomgått korleis

kommunedirektøren ser for seg å møte utfordringane i vedteke helse- og omsorgsplan knytt til bustadstruktur og investeringar som er naudsynt i dei lågare trinna i omsorgstrappa.

3. I saka må det følgja med ei prognose for investeringane for både bygging av eit omsorgsenter, tilpassing av dei andre bygga, samt eventuelle andre investeringar som må gjerast for at Vindafjord skal møte utfordringane som er skildra i helse- og omsorgsplanen.

11.06.2026 Ungdomsråd

Behandling

Vedtak frå formannskapet 09.06.2026, foreslått av Georg Matre Helgevold,

1. Nytt omsorgsenter skal plasserast aust for beredskapssenteret.
2. Før kommunestyret tek endeleg stilling til konseptval, investeringsramme eller gjennomføringsvedtak, ber kommunestyret om ei eiga sak kor det blir gjennomgått korleis kommunedirektøren ser for seg å møte utfordringane i vedteke helse- og omsorgsplan knytt til bustadstruktur og investeringar som er naudsynt i dei lågare trinna i omsorgstrappa.
3. I saka må det følgja med ei prognose for investeringane for både bygging av eit omsorgsenter, tilpassing av dei andre bygga, samt eventuelle andre investeringar som må gjerast for at Vindafjord skal møte utfordringane som er skildra i helse- og omsorgsplanen.

Georg Matre Helgevold la fram nytt framlegg til forslag: Å følgje vedtaket som vart gjort i formannskapet 09.02.26.

Forslaga vart sett opp mot kvarandre:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 0 stemmer og fall.

Georg Matre Helgevold sitt framlegg til vedtak fekk 7 stemmer og gjekk vidare.

VUR - 014/26 Vedtak:

1. Nytt omsorgsenter skal plasserast aust for beredskapssenteret.
2. Før kommunestyret tek endeleg stilling til konseptval, investeringsramme eller gjennomføringsvedtak, ber kommunestyret om ei eiga sak kor det blir gjennomgått korleis kommunedirektøren ser for seg å møte utfordringane i vedteke helse- og omsorgsplan knytt til bustadstruktur og investeringar som er naudsynt i dei lågare trinna i omsorgstrappa.
3. I saka må det følgja med ei prognose for investeringane for både bygging av eit omsorgsenter, tilpassing av dei andre bygga, samt eventuelle andre investeringar som må gjerast for at Vindafjord skal møte utfordringane som er skildra i helse- og omsorgsplanen.

09.06.2026 Formannskapet

Behandling

nytt omsorgsenter, foreslått av Valen, Øyvind, Arbeiderpartiet

1. **Nytt omsorgsenter skal plasserast aust for beredskapssenteret.**
2. **Før kommunestyret tek endeleg stilling til konseptval, investeringsramme eller gjennomføringsvedtak, ber kommunestyret om ei eiga sak kor det blir gjennomgått korleis kommunedirektøren ser for seg å møte utfordringane i vedteke helse- og omsorgsplan knytt til bustadstruktur og investeringar som er naudsynt i dei lågare trinna i omsorgstrappa.**

3. I saka må det følgja med ei prognose for investeringane for både bygging av eit omsorgsenter, tilpassing av dei andre bygga, samt eventuelle andre investeringar som må gjerast for at Vindafjord skal møta utfordringane som er skildra i helse- og omsorgsplanen.

Anne Sofie Sandvik, rådgiver areal og forvaltning og Frode Eike, prosjektleder felles FDU - orienterte om saka før handsaming.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart sett opp mot forslag frå arbeiderpartiet ved Øyvind Valen (AP)

- Kommunedirektøren sitt forslag: 0 stemmer. Forslaget falt.
- Forslag frå Øyvind Valen (AP): samrøystes vedteke med 9 stemmer. Forslaget gjekk vidare.

FS - 032/26 Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Nytt omsorgsenter skal plasserast aust for beredskapssenteret.
2. Før kommunestyret tek endeleg stilling til konseptval, investeringsramme eller gjennomføringsvedtak, ber kommunestyret om ei eiga sak kor det blir gjennomgått korleis kommunedirektøren ser for seg å møta utfordringane i vedteke helse- og omsorgsplan knytt til bustadstruktur og investeringar som er naudsynt i dei lågare trinna i omsorgstrappa.
3. I saka må det følgja med ei prognose for investeringane for både bygging av eit omsorgsenter, tilpassing av dei andre bygga, samt eventuelle andre investeringar som må gjerast for at Vindafjord skal møta utfordringane som er skildra i helse- og omsorgsplanen.

04.06.2026 Integreringsrådet

Behandling

Representant frå prosjektgruppa, Annbjørg Lunde, orienterte om saka før handsaming.

VIR - 014/26 Vedtak:

VIR tek saka til orientering.

04.06.2026 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Annbjørg Lunde, konsulent Omega365 orienterte om val av tomt for samlokalisert Vindafjord omsorgsenter, før behandling av saka.

REF tek saka einstemmig til orientering med 6 stemmer.

REF - 018/26 Vedtak:

REF tek saka til orientering.

01.06.2026 Utval for drift, utvikling og kultur

Behandling

Endringsforslag, foreslått av Haugen, Jan Idar, Senterpartiet

END - Nytt forslag

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren jobbe vidare med planlegging av eit nytt samlokalisert omsorgssenter plassert aust for beredskapssenteret i Ølen, omtalt som alternativ 3 i saka.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ein plan for vidare framdrift i prosessen i første formannskapsmøte etter sommarferien. Ein viser i den samanheng særskilt til handlingsplanen i tidlegare vedtatt Helse- og omsorgsplan, kap. 4.1, "Strukturendring og berekraftig bustadpolitikk"

Frode Eikje, Prosjektleder, orienterte om saka før handsaming.

Forslag frå Senterpartiet ved Jan Idar Haugen (SP):

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren jobbe vidare med planlegging av eit nytt samlokalisert omsorgssenter plassert aust for beredskapssenteret i Ølen, omtalt som alternativ 3 i saka.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ein plan for vidare framdrift i prosessen i første formannskapsmøte etter sommarferien. Ein viser i den samanheng særskilt til handlingsplanen i tidlegare vedtatt Helse- og omsorgsplan, kap. 4.1, "Strukturendring og berekraftig bustadpolitikk".

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart sett opp mot forslag frå senterpartiet ved Jan Idar Haugen (SP)

- Kommunedirektøren sitt forslag: 0 stemmer
- Forslag frå senterpartiet: samrøystes vedteke med 6 stemmer. Forslaget gjekk vidare.

DUK - 018/26 Vedtak:

DUK si tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren jobbe vidare med planlegging av eit nytt samlokalisert omsorgssenter plassert aust for beredskapssenteret i Ølen, omtalt som alternativ 3 i saka.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ein plan for vidare framdrift i prosessen i første formannskapsmøte etter sommarferien. Ein viser i den samanheng særskilt til handlingsplanen i tidlegare vedtatt Helse- og omsorgsplan, kap. 4.1, "Strukturendring og berekraftig bustadpolitikk".

01.06.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Nytt forslag, foreslått av Austrheim, Arild Roar, Senterpartiet

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren jobbe vidare med planlegging av eit nytt samlokalisert omsorgssenter plassert aust for beredskapssenteret i Ølen, omtalt som alternativ 3 i saka.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ein plan for vidare framdrift i prosessen i første formannskapsmøte etter sommarferien. Ein viser i den samanheng særskilt til handlingsplanen i tidlegare vedtatt Helse- og omsorgsplan, kap. 4.1, "Strukturendring og berekraftig bustadpolitikk".

Senterpartiet sitt forslag til nytt vedtak lagt fram av Arild Austrheim (SP):

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren jobbe vidare med planlegging av eit nytt samlokalisert omsorgssenter plassert aust for beredskapssenteret i Ølen, omtalt som alternativ 3 i saka.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ein plan for vidare framdrift i prosessen i første formannskapsmøte etter sommarferien. Ein viser i den samanheng særskilt til handlingsplanen i tidlegare vedtatt Helse- og omsorgsplan, kap. 4.1, "Strukturendring og berekraftig bustadpolitikk".

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak sett opp mot nytt forslag frå senterpartiet ved A. Austrheim (SP)

Kommunedirektøren sitt forslag: 0 stemmer

Nytt forslag frå senterpartiet ved A. Austrheim (SP): einstemmig vedteke med 7 stemmer. Forslaget gjekk vidare.

OPOM - 021/26 Vedtak:**OPOM si tilråding til kommunestyret:**

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren jobbe vidare med planlegging av eit nytt samlokalisert omsorgssenter plassert aust for beredskapssenteret i Ølen, omtalt som alternativ 3 i saka.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ein plan for vidare framdrift i prosessen i første formannskapsmøte etter sommarferien. Ein viser i den samanheng særskilt til handlingsplanen i tidlegare vedtatt Helse- og omsorgsplan, kap. 4.1, "Strukturendring og berekraftig bustadpolitikk".

037/26 Forskrift om skulekrinsgrenser i Vindafjord kommune**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek Forskrift om skulekrinsgrenser i Vindafjord kommune slik den ligg føre. Forskrifta blir gjeldande frå 16. juni 2026.

Frå same tid vert forskrift om skulekrinsgrenser Vindafjord kommune, revidert 22.08.2011, oppheva.


16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart einstemmig vedteke med 25 stemmer.

KS - 037/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Forskrift om skulekrinsgrenser i Vindafjord kommune slik den ligg føre. Forskrifta blir gjeldande frå 16. juni 2026.



(Oppdatert kart pr. 16.06.2026.)

Frå same tid vert forskrift om skulekrinsgrenser Vindafjord kommune, revidert 22.08.2011, oppheva.

11.06.2026 Ungdomsråd

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedteke med 7 stemmer.

VUR - 012/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Forskrift om skulekrinsgrenser i Vindafjord kommune slik den ligg føre. Forskrifta blir gjeldande frå 16. juni 2026.

Frå same tid vert forskrift om skulekrinsgrenser Vindafjord kommune, revidert 22.08.2011, oppheva.

04.06.2026 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedteke med 6 stemmer.

REF - 020/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Forskrift om skulekrinsgrenser i Vindafjord kommune slik den ligg føre. Forskrifta blir gjeldande frå 16. juni 2026.

Frå same tid vert forskrift om skulekrinsgrenser Vindafjord kommune, revidert 22.08.2011, oppheva.

01.06.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtateke med 7 stemmer.

OPOM - 023/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Forskrift om skulekrinsgrenser i Vindafjord kommune slik den ligg føre.

Forskrifta blir gjeldande frå 16. juni 2026.

Frå same tid vert forskrift om skulekrinsgrenser Vindafjord kommune, revidert 22.08.2011, oppheva.

038/26 Pedagogisk digitaliseringsstrategi oppvekst 2026-2030

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan for "Pedagogisk digitaliseringsstrategi for oppvekst 2026-2030" vert godkjent.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Frå Guri Ravatn, SV, foreslått av Guri Ravatn, Sosialistisk Venstreparti

1. Kommunestyret vurderer «Pedagogisk digitaliseringsstrategi for oppvekst 2026 – 2030» som eit grunnlag for ein komande oppdatert, kortfatta og dynamisk strategi for digitale læremiddel i skulen. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram denne nye strategien snarast mogeleg etter 01.08.26.

2. I samband med budsjetthandsaminga 2027 -2030, skal det leggst fram oversikt over innkjøpsbehovet for lærebøker og læremiddel, analoge og digitale, i barnehage og skule. Oversikten skal vera i samsvar med oppdatert kunnskap og forskrift, kostnadsrekna og bygga på status og rekneskapstal for innkjøp og investeringar i 2024 og 2025. Dersom situasjonen varierer frå eining til eining, skal dette gjerast greie for.

Framlegg nr. 2. , foreslått av Guri Ravatn, Sosialistisk Venstreparti

Kommunestyret vurderer «Pedagogisk digitaliseringsstrategi for oppvekst 2026 – 2030» som eit grunnlag for ein komande oppdatert, kortfatta og dynamisk pedagogiske digitaliseringsstrategi. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram denne nye strategien til orientering, etter 01.08.26.

Endringsforslag, foreslått av Nesheim, Therese, Høyre

Plan for "Pedagogisk digitaliseringsstrategi for oppvekst 2026-2030" vert teken til orientering.

Kommunestyremedlem Geir Erik Berge (H) hadde meldt i frå om at han måtte gå frå møtet klokka 12.55. Votering frå **sak PS 038/26** blei halde med 24 stemmer.

Guri Ravatn (SV) fremja først eit tilleggsforslag, dette endra ho ved å setja fram tilleggsforslag nr. 2.

Votering:

Ein stemde først over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, dette fekk 0 stemmer.

Deretter vart tilleggsforslaga sett opp mot kvarandre:

- Tilleggsforslag fremma av Therese Nesheim (H) fekk 23 stemmer og ein stemme imot frå Guri Ravatn (SV). Forslaget gjekk vidare.
- Tilleggsforslag nr. 2 fremma av Guri Ravatn (SV) fekk 1 stemme for av Guri Ravatn (SV) og 23 stemmer mot. Forslaget fall.

KS - 038/26 Vedtak:

Plan for "Pedagogisk digitaliseringsstrategi for oppvekst 2026-2030" vert teken til orientering.

11.06.2026 Ungdomsråd

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedteke med 7 stemmer.

VUR - 011/26 Vedtak:

Plan for "Pedagogisk digitaliseringsstrategi for oppvekst 2026-2030" vert godkjent.

04.06.2026 Integreringsrådet

Behandling

VIR - 013/26 Vedtak:

VIR tek saka til orientering.

04.06.2026 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedteke med 6 stemmer.

REF - 021/26 Vedtak:

Plan for "Pedagogisk digitaliseringsstrategi for oppvekst 2026-2030" vert godkjent.

01.06.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedteke med 7 stemmer.

OPOM - 022/26 Vedtak:

Plan for "Pedagogisk digitaliseringsstrategi for oppvekst 2026-2030" vert godkjent.

039/26 Fastsetting av fellingsavgifter for hjort i forskrift og fastsetting av ny lokal forskrift om adgang til jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for hjort

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Vindaffjord kommune fastsett fellingsavgiftene for hjort i forskrift til:

Vakse dyr: kr. 360

Kalv: kr. 160

2. Vindaffjord kommune fastset ny forskrift om adgang til jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for hjort, Vindaffjord kommune, Rogaland. Forskrifta trer i kraft 01.07.2026.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Harald Olav Stuhaug (Sp) informerte om saka før handsaming.

Votering:

Kommunedirektøren sitt fremlegg til vedtak vart einstemmig vedteke med 24 stemmer.

KS - 039/26 Vedtak:

1. Vindaffjord kommune fastsett fellingsavgiftene for hjort i forskrift til:

Vakse dyr: kr. 360

Kalv: kr. 160

2. Vindaffjord kommune fastset ny forskrift om adgang til jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for hjort, Vindaffjord kommune, Rogaland. Forskrifta trer i kraft 01.07.2026.

09.06.2026 Vilt- og fiskeutvalet

Behandling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedtatt samrøystes med 4 av 4 røyster.

VILT - 035/26 Vedtak:

1. Vindaffjord kommune fastsett fellingsavgiftene for hjort i forskrift til:

Vakse dyr: kr. 360

Kalv: kr. 160

2. Vindaffjord kommune fastset ny forskrift om adgang til jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for hjort, Vindaffjord kommune, Rogaland. Forskrifta trer i kraft 01.07.2026.

040/26 Grunngitte spørsmål og interpellasjonar

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

GRUNNGJEVE SPØRSMÅL, kommunestyret 16.06.26

TILLIT OG VINDKRAFT.

Våren 2026 har kommunestyret og kommunedirektøren fått erfare eit stort politisk engasjement frå innbyggjarane. Nemnast kan saker i førre kommunestyre: Utbygging på Dommersnes, Biovind på Nerheim og ønske om folkerøysting om vindkraft. Engasjementet i desse sakene, er grunna i innbyggjarane si uro for konsekvensar for helse, natur og miljø.

Ei slik uro og folkeleg engasjement, er det viktig å ta på alvor og sjå verdien av. Både administrasjon og me som folkevalde, har nytte av kunnskap om folkemeiningar og av støtte frå innbyggjarane. Dette får me ved å lytta, visa respekt for deira uttrykk og ved å gå i dialog. Ved ei slik haldning, trur eg det mulig å få engasjerte grupper si forståing for at deira krav og ønske ikkje alltid når fram. Det minst kloke me kan gjera, er å vera einsidige og avvisande og å ikkje innhenta kunnskap frå ulike sider og standpunkt i ei sak. Difor var det beklageleg at politisk og administrativ leiing ikkje fekk til studietur for å få meir informasjon om biogassanlegg.

Nokre av dei nemnde sakene med stort engasjement har fått sine vedtak i kommunestyret. Og, grunna mange klager, vil Statsforvaltaren truleg få oversendt sakene for endeleg avgjerd.

Vindkraftutbygging er ikkje avgjort. Her vil kommunestyret handsama sak for sak og desse sakene er i startgropa for realitetshandsaming, administrativt og politisk. Vindkraft er det solid erfaring med rundt om i landet, så her har me mulighet til å innhenta fleirspektra informasjon. Det bør me ta oss tid til – og råd til.

Kommunestyret har alt fått orientering frå ordføraren i Fitjar kommune om hennar positive erfaring med vindkraft. Denne orienteringa kom overraskande, utan at kommunestyret hadde fått mulighet til å førebu spørsmål.

For ei tid sidan fekk formannskap, utvalsleiarar og gruppeleiarar innbyding frå kommunedirektøren til ein studietur i september. Målet er å få del i andre kommunar sine erfaringar innan saksområde som er aktuelle hos oss. På agendaen står: Planlegging/ bygging av omsorgsenter i Osterøy, omstilling og bustadutvikling i Alver og – det som forundra meg og andre storleg – vindkraft i Fitjar kommune. Altså, meir orientering frå same kjelde. Ei kjelde som, innbyggargrupper både i Fitjar og Vindafjord meiner presenterer «eit glansa bilete». Studietur ser Vindafjord SV positivt på, men innan vindkraft burde kommunedirektøren lagt seg i selen for å finna eit studiemål som kunne gje oss innsikt i andre erfaringar enn det Fitjar har gjort.

Og, det er ikkje naudsynt å reisa langt. I nabokommunen vår Tysvær, har både innbyggjarar, politikarar og administrasjon gjort sine erfaringar. Erfaringar med alt frå ulempene som følger det å vera naboar til eit vindkraftverk, og til det kompliserte med å ha ansvar for innbyggjarane, t.d. kommunen som støymyndighet og kostnader det har ført til.

Når kommunedirektøren vel Fitjar som studiemål, gir han eit signal og tar eit vågalt steg i høve å få innbyggjarane i mot seg, mot administrasjonen og mot oss folkevalde. Å søka informasjon om Midtfjellet i Fitjar for andre gang, vert oppfatta som provoserande. Eg vil gå så langt at eg vil karakterisera det som uklokt og unødvendig, i den situasjonen som er lokalt, nett nå.

Eg har snakka med kommunedirektøren om dette. Hans haldning og grunngjeving, skal han sjølv, eller ordføraren, få sjansen til å gjera greie for.

Vindafjord SV vil i allefall nytta høvet til å spørja om:

- Kva trekk vil politisk og administrativ leiing ta for å halda på innbyggjarane sin tillit?
- Kvifor blir Midtfjellet og Fitjar vald som informasjonskjelde for andre gang?
- Vil det bli gjort noko for at kommunestyret kan få fylldig og reell informasjon om erfaringane innbyggjarane og politisk og administrativ leiing i Tysvær kommune har fått etter at Gismarvik og Tysvær vindparker vart sett i drift?

Svar frå administrasjonen v/ kommunedirektør Halfdan Krohn- Brekke:

Svar på grunngjeve spørsmål – tillit og vindkraft

Takk til representanten Ravatn for eit viktig og gjennomarbeidd spørsmål.

Kommunedirektør er samde i at tillit frå innbyggjarane er avgjerande i saker som engasjerer sterkt. I arbeidet vidare vil me fortsatt leggja vekt på openheit, gode medverknadsprosessar og å sikra eit breitt og kunnskapsbasert beslutningsgrunnlag dersom ein vel å gå vidare med påbegynte prosessar knytt til vindkraft. Det inneber både å lytta til innbyggjarane sine innspel og å henta kunnskapsgrunnlag gjennom planprosessen. I tillegg er det relevant å lytte til erfaringar frå andre kommunar. Administrasjonen har så langt stilt seg open til å både svare på spørsmål knytt til desse prosessane, delta på dei møte der me er blitt invitert, samt halde oppdaterte nettsida til kommunen med relevant info.

Når det gjeld studieturen, er intensjonen å få innsikt i fleire sider av aktuelle problemstillingar for vår kommune. At Fitjar og Midtfjellet blei valde må nok sjåast i samheng med at det var Osterøy og Alver, som blei fyst peika ut som relevante å besøka, grunna deira erfaringar med prosess knytt til omsorgssenter og bustadutvikling, samt omstilling. Fitjar var dermed eit naturleg stopp, men kommunedirektør ser at det også gjerne kunne ha vore eit stopp i Tysvær og initiativ til dette er difor tatt. Det er avtalt møte med Tysvær kommune i starten av studieturen, der me vil få presentert deira erfaringar knytt til vindparkane i kommunen.

Grunngjeve spørsmål 16.06.2026

Wenche Sandbekken Lilleland. Ap

I Desember 2025 i kommunestyre stilte jeg spørsmål ang FN – konvensjonen om rettighetene til personer med funksjonsnedsettelse. (CRPD)Da hadde Statsforvalteren bedt alle kommuner om å lage en handlingsplan innen 2025. Da fikk jeg til svar at dette skulle vi komme tilbake til. Nå er CRPD inkorporert i norsk lov og kommunene må nå jobbe med dette.

Hva betyr konvensjonen?

Konvensjonen handler om et paradigmeskifte. Personer med nedsatt funksjonsevne skal ikke sees på som objekter for veldedighet eller medisinsk behandling, men som rettighetshavere og likestilte samfunnsborgere.

Hvordan skal vi komme over fra prinsipper til praksis?

Det er i kommunen vi lever våre liv. Det er her våre rettigheter i praksis ivaretas. Det er ikke nok at CRPD er inkorporert i norsk lov fra 1. januar 2026.

Det er heller ikke nok at CRPD er inntatt i menneskerettsloven selv om det gir forrang ved motstrid til annen norsk lov.

Det kreves nye måter å tenke på, bedre kunnskap og ja, kanskje til og med endring i holdninger. Økonomi er også en forutsetning.

Menon Economics har på oppdrag fra Bufdir foretatt en kartlegging i Kommune-Norge av arbeidet med FN- konvensjonen og blant annet dens krav og tilgjengelighet, likeverd, selvbestemmelse og ikke- diskriminering.

Mange kommuner arbeider med relevante tema, men uten å bruke rettighetsbegrepet eller konvensjonen som ramme.

Kan kommunestyret be kommunedirektøren om en egen sak og oppdatering om implementering av rettighetene til personer med funksjonsnedsettelse (CRPD) i kommunen, som legges frem for relevante råd og politiske utvalg eller i kommunens årsmelding.

Den bør inneholde en vurdering om hvordan rettighetene for personer med funksjonsnedsettelse (CRPD) – forankringen kommer til uttrykk i kommunens planer og saksbehandling, og hvordan man ivaretar kompetanse om konvensjonen blant saksbehandlere, politikere og andre beslutningstakere i kommunen. I tillegg skal, økonomiske hensyn synliggjøres opp mot ivaretagelse av konvensjonen.

Konvensjonens artikler knyttet til bolig og arbeid bes gi særlig oppmerksomhet i videre arbeid.

Wenche Sandbekken Lilleland. Ap

Svar frå administrasjonen v/ordførar Gustav Løge Fosse:

Takk til representanten Wenche Sandbekken Lilleland for eit viktig og aktuelt spørsmål.

FN-konvensjonen om rettane til personar med nedsett funksjonsevne (CRPD) er, som peikt på, no inkorporert i norsk lov. Dette inneber skjerpa krav til kommunen si oppfølging av rettane i praksis, både gjennom planverk, tenesteyting og saksbehandling.

I vedtatt helse og omsorgsplan, under delmålet:

"Jobbe for eit inkluderande samfunn med omsyn til ulike funksjonsnivå og aldersgrupper"

følgjer det at det tverrsektorielle folkehelsforumet skal jobbe med å fremma CRPD i Vindafjord kommune.

Kommunedirektøren er samd i at det er behov for systematisk arbeid for å sikre god forankring av konvensjonen, auka kompetanse og tydeleg samanheng mellom rettar og prioriteringar.

På denne bakgrunn vil kommunedirektøren leggje til rette for ei samla oppfølging og rapportering av arbeidet med CRPD. Status og vidare utvikling vil bli omtalt i kommunen si årsmelding, der ein vil synleggjere korleis rettane etter konvensjonen vert følgde opp i planverk, praksis og prioriteringar

Interpellasjon fra Guri Ravatn, Vindafjord SV

FLAGGREGLEMENT.

Ut frå det eg har kunna finna ut, har ikkje Vindafjord kommune eigne vedtekter, reglement eller forskrift om flagging ved offentlege bygg. Eg meiner at det vart vedtatte eit reglement i ved kommunesamanslåinga i 2006, men det har ikkje vore mogeleg å finna noko om kva som er gjeldande i dag. Det er fullt mogeleg at eg tar feil, derfor vert mitt første spørsmål:

- Har Vindafjord kommune eige flaggreglement og i tilfelle: Kva tid vart det vedteke og av kven?

Uansett kan det vera greitt at eit slikt reglement for flagging frå offentlege bygg nå vert oppretta eller revidert. Mange kommunar rundt oss har handsama slike dei siste åra.

Difor ber Vindafjord SV kommunestyret vedta _

Kommunestyret ber kommunedirektøren snarast koma tilbake til kommunestyret med framlegg til eit oppdatert og moderne reglement for flagging ved offentlege bygg i kommunen vår.

Votering:

Forslaget til Guri Ravatn(SV) blei einstemmig vedteke med 24 stemmer.

KS - 040/26 Vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektøren snarast koma tilbake til kommunestyret med framlegg til eit oppdatert og moderne reglement for flagging ved offentlege bygg i kommunen vår.